
Fra: Anne Sara Svendsen <Anne-Sara.Svendsen@hfk.no>
Sendt: 12. august 2016 09:13
Til: Anne Sara Svendsen
Emne: Velkommen til kurs for fagleg leiar og instruktør

Til deg som er fagleg leiar i lærebedrift

Så langt vi kan sjå har du ikkje deltatt på kurset for faglege leiarar og instruktørar som Hordaland fylkeskommune har tilbod om. Vi vil derfor minne om denne obligatoriske opplæringa.

Opplæringa vert gjennomført på ein dag. Målet med kurset er at de som er opplæringsansvarlege/faglege leiarar i lærebedriftene skal få fagleg påfyll og bli tryggare i rolla som rettleiarar for lærlingar og lære kandidatlar.

Det er eit krav at fagleg leiar gjennomfører HFK sitt kurs for faglege leiarar og instruktørar innan eit år etter godkjenninga.

Oversikt over kursa for hausten 2016 er no lagt ut på internett. Her kan de melde dykk på det kurset som passar best. Kurset er gratis, og det vert servert pausemat, kaffi, te og lunsj.

Kvart kurs har avgrensa plass, påmelding skjer derfor etter først til mølla-prinsippet. Når du registrerer påmeldinga di, vil du få ein stadfestingskode på registrert epost-adresse.

Etter at påmeldingsfristen er ute mottar du ei stadfesting på at du har fått plass på kurset. Vi gir og melding til dei som evt. ikkje får plass, med dato for nytt kurs.

Det vil bli delt ut kursmateriell og dokumentasjon på fullført kurs.

Meld deg på via følgjande link:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/sokeresultat/?q=fagleg+leiar+og+instrukt%c3%b8rkurs&filters=Kalenderhendinger>

Vel møtt til kurs!

Venleg helsing

Anne Sara Svendsen

Seniorrådgivar

Opplæringsavdelinga | Fagopplæringskontoret



Tlf: 55 37 80 32

www.hordaland.no

